



Innst. 131 S

(2016–2017)

Innstilling til Stortinget frå familie- og kulturkomiteen

Prop. 24 S (2016–2017)

Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om Endringar i statsbudsjettet 2016 under Barne- og likestillingsdepartementet

Til Stortinget

1. Samandrag

1.1 Innleiing

I proposisjonen legg Barne- og likestillingsdepartementet (BLD) fram endringsforslag i statsbudsjettet for 2016 i samsvar med punkt 1.2 nedanfor.

1.2 Endringsforslag

Kap. 800 Barne- og likestillingsdepartementet

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Ansvar for integreringssaker blei overført frå Barne- og likestillingsdepartementet til Justis- og beredskapsdepartementet 1. april 2016, jf. Prop. 59 S (2015–2016) og Innst. 194 S (2015–2016).

På bakgrunn av endelege berekningar av dei faktiske utgiftene knytt til integreringsområdet ved overføringstidspunktet, foreslår BLD å redusere løyvinga på kap. 800 post 1 med 0,9 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 400 post 1 under Justis- og beredskapsdepartementet.

Kap. 840 Tiltak mot vald og overgrep

POST 61 TILSKOT TIL INCEST- OG VALDTEKTSSENTER, OVERSLAGSLØYVING

Saksbehandling og tilskotsutbetaling for incest- og valdtektssenter er no gjennomført. Det er tildelt 1,4 mill. kroner mindre enn lagt til grunn i gjeldande

budsjett for 2016. BLD foreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 840 post 61 med 1,4 mill. kroner.

Kap. 841 Samliv og konfliktløsning

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER, MEKLINGS-
GODTGJERSLE, OVERSLAGSLØYVING

Prognosen for bruk av eksterne meklarar er lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett for 2016. BLD foreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 841 post 21 med 2,5 mill. kroner.

Kap. 844 Kontantstøtte

POST 70 TILSKOT, OVERSLAGSLØYVING

Utgiftene til kontantstøtte er anslått til 1 570 mill. kroner, som er 10 mill. kroner lågare enn løyvinga. Mindrebehovet kjem av at talet på barn med kontantstøtte er lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett for 2016.

BLD foreslår å redusere løyvinga under kap. 844 post 70 med 10 mill. kroner.

Kap. 845 Barnetrygd

POST 70 TILSKOT, OVERSLAGSLØYVING

Utbetalingane til barnetrygd har til no i år vore noko lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2016 blir no anslått til 15 040 mill. kroner.

BLD foreslår å redusere løyvinga under kap. 845 post 70 med 100 mill. kroner.

Kap. 846 Familie- og oppvekstiltak

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER, KAN NYTTAST
UNDER POST 50 OG POST 71

Støtta til forskingsprogrammet Sivilsamfunn og frivillig sektor 2014–2017 skal behandlast som kjøp og ikkje som tilskot. For å sikre korrekt postbruk fø-

reslår BLD å auke posten med 0,8 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av kap. 846 post 70.

Det er behov for midlar til å leggje tilskotsordninga Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn inn i eit nytt, elektronisk saksbehandlingssystem. BLD føreslår å flytte 150 000 kroner til dette arbeidet til kap. 858 post 21.

Samla føreslår BLD å auke løyvinga under kap. 846 post 21 med 650 000 kroner.

POST 70 BARNE- OG UNGDOMSORGANISASJONAR

BLD føreslår å redusere løyvinga under kap. 846 post 70 med 0,8 mill. kroner. Sjå nærmare omtale under kap. 846 post 21.

Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

POST 65 REFUSJON FOR KOMMUNALE UTGIFTER TIL BARNEVERNILTAK KNYTTE TIL EINSLEGE, MINDRE-ÅRIGE ASYLSØKJARAR OG FLYKTNINGAR, OVERSLAGSLØYVING

Løyvinga skal dekkje refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak for einslege, mindreårige asylsøklarar og flyktningar.

Prognosen for totale utbetalingar er redusert i 2016 mellom anna fordi den gjennomsnittlege utbetalinga per barn i ordninga har gått ned og prognosen for busetjing av einslege, mindreårige flyktningar er redusert samanlikna med revidert nasjonalbudsjett 2016. Reduksjonen i busetjingsprognosen skuldast at talet på asylsøklarar til Noreg er redusert.

BLD føreslår å redusere løyvinga på kap. 854 post 65 med 558,6 mill. kroner.

POST 71 UTVIKLING OG OPPLYSNINGSARBEID MV., KAN NYTTAST UNDER POST 21

Regjeringa har sett i gang eit arbeid med å endre ansvarsdelinga mellom stat og kommune i barnevernet. BLD føreslår å tildele 250 000 kroner av midlane på posten til KS. Midlane skal gå til å førebu kommunane på framtidige endringar i det kommunale barnevernet.

Kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga dekkjer utgifter til drift av statlege omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar under 15 år, kjøp av plassar i private omsorgssenter og forvaltningsoppgåver knytte til omsorgssentera.

Prognosen for talet på asylsøklarar til Noreg er redusert sidan revidert nasjonalbudsjett 2016. Gjeldande løyving er basert på i gjennomsnitt 850 barn i omsorgssentera i 2016. Anslaget er no justert ned.

Det er venta at det vil bu i gjennomsnitt 640 barn i omsorgssentera i 2016.

BLD føreslår å redusere løyvinga på kap. 856 post 1 med 358,8 mill. kroner

Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar

POST 4 REFUSJON AV ODA-GODKJENDE UTGIFTER

Nokre innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøklarar og flyktningar kan ifølgje OECDs utviklingskomité godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Beløpet som blir rapportert inn som utviklingshjelp, blir redusert som følgje av reduksjonen i løyvinga på kap. 856 post 1.

BLD føreslår å redusere løyvinga på kap. 3856 post 4 med 345,5 mill. kroner.

Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER

BLD føreslår å auke løyvinga under kap. 858 post 21 med 150 000 kroner. Sjå nærmare omtale under kap. 846 post 21.

Kap. 2530 Foreldrepengar

POST 70 FORELDREPENGAR VED FØDSEL, OVERSLAGSLØYVING

Utbetalingane til foreldrepengar er hittil i år noko lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene til foreldrepengar i 2016 blir no anslått til 18 780 mill. kroner.

BLD føreslår å redusere løyvinga under kap. 2530 post 70 med 280 mill. kroner.

POST 71 EINGONGSSTØNAD VED FØDSEL OG ADOPSJON, OVERSLAGSLØYVING

På grunnlag av utbetalingane hittil i år er utgiftene til eingongsstønad i 2016 no anslått til 450 mill. kroner.

BLD føreslår å redusere løyvinga under kap. 2530 post 71 med 10 mill. kroner.

2. Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Arild Grande, Steinar Gullvåg, Hege Haukeland Liadal og Anette Trettebergstuen, frå Høgre, leiaren Svein Harberg, Kårstein Eidem Løvaas og Mette Tønder, frå Framstegspartiet, Ib Thomsen og Torkil Åmland, og frå Kristeleg Folkeparti, Geir Jørgen Bekkevold, viser til forslaget frå regjeringa og støtter dette. Komiteen har elles ingen merknader.

3. Tilråding frå komiteen

vedtak:

Komiteen syner til proposisjonen og til sine merknader og rår Stortinget til å gjere slikt

I statsbudsjettet for 2016 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
800		Barne- og likestillingsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med fra kr 144 621 000 til kr 143 735 000	886 000
840		Tiltak mot vald og overgrep	
	61	Tilskot til incest- og valdtektssenter, overslagsløyving, blir redusert med ... fra kr 84 299 000 til kr 82 899 000	1 400 000
841		Samliv og konfliktløsning	
	21	Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, overslagsløyving, blir redusert med ... fra kr 13 566 000 til kr 11 066 000	2 500 000
844		Kontantstøtte	
	70	Tilskot, overslagsløyving, blir redusert med fra kr 1 580 000 000 til kr 1 570 000 000	10 000 000
845		Barnetrygd	
	70	Tilskot, overslagsløyving, blir redusert med fra kr 15 140 000 000 til kr 15 040 000 000	100 000 000
846		Familie- og oppveksttiltak	
	21	Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 50 og post 71, vert auka med ... fra kr 12 235 000 til kr 12 885 000	650 000
	70	Barne- og ungdomsorganisasjonar, blir redusert med fra kr 121 319 000 til kr 120 519 000	800 000
854		Tiltak i barne- og ungdomsvernet	
	65	Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege, mindreårige asylsøklarar og flyktingar, overslagsløyving, blir redusert med ... fra kr 1 758 622 000 til kr 1 200 000 000	558 622 000
856		Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med fra kr 1 599 555 000 til kr 1 240 716 000	358 839 000
858		Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med fra kr 14 005 000 til kr 14 155 000	150 000
2530		Foreldrepengear	
	70	Foreldrepengear ved fødsel, overslagsløyving, blir redusert med fra kr 19 060 000 000 til kr 18 780 000 000	280 000 000
	71	Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving, blir redusert med ...	10 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
		Utgifter	
		fra kr 460 000 000 til kr 450 000 000	
		Inntekter	
3856		Barnevernets omsorgssenter for einsleige, mindreårige asylsøkjjarar	
	4	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir redusert med	345 500 000
		fra kr 1 398 364 000 til kr 1 052 864 000	

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 8. desember 2016

Svein Harberg

ordfører og leiar